

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna sjangaren novelle</li> <li>• Vita korleis eit manus ser ut</li> <li>• Kunna laga manus av ei novelle</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reading, writing and speaking about democracy and citizenship</li> <li>• Using relative pronouns</li> <li>• Evaluating sources</li> <li>• Using quotes and references</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læringsmåla til vurderinga i matematikk ligg på OneNote.</li> </ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjera greie for korleis levekår heng saman med dei geografiske, historiske og politiske forholda i eit land.</li> <li>• Forklara korleis levekår kan påvirke fruktbarheit og dødelegheit i verda i dag.</li> <li>• Forklara ulike årsaker til at folk vel å flytte</li> </ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha ei oversikt over emne "lokal identitet"</li> <li>• Laga ein digital presentasjon av eit sjølvvalt emne</li> <li>• Nytt emne: "Døden"</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjera greie for produksjon, transport og lagring av energi</li> <li>• Gjera greie for og vurderer bruk av brensel som energikjelde og energiberar</li> <li>• Forklara og vurderer nokre vanlege produksjonsmetodar for elektrisk energi</li> <li>• Utforska nokre metodar for produksjon av energi</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å fortelja om kva du og andre gjer</li> <li>• Å fortelja om kva du og andre skal gjera</li> <li>• Å fortelja om kva du og andre har gjort og stadar de har vore</li> <li>• Å fortelja om noko som held på å skje</li> </ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å presentera ein venn</li> <li>• Å bruka adjektiv og verb rett</li> <li>• Å kunna preposisjonar</li> </ul>
<b>Eng fordj</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka engelsk i munnleg og skriftleg samhandling, tilpassa formål, mottakar og situasjon.</li> <li>• Skapa ein skriftleg tekst om sjølvvalt emne</li> <li>• Finna og bruka gode kjelder</li> <li>• Vidareutvikla tekst på bakgrunn av tilbakemeldingar</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag</li> <li>• Produsera og levera varer og tenester etter kvalitetskrav</li> </ul>
<b>Kroppsøving</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar til å medverke til framgang for andre</li> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i innebandy og turn</li> <li>• Symjing: kunna dykke, gjennomføra livredningshopp og ilandføra medelev</li> </ul>

<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli stadig betre til å spela 12-takters blues på ditt instrument.</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli ferdig med sjablongoppgåva og levera på Teams</li> <li>• Planleggja og laga skisser til oppgåve med geriljabroderi eller treleike</li> </ul>
<b>Utdanningsval</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reflektera over utdanningsval-veka</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga god og ernæringsriktig mat</li> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> <li>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka eigne ferdigheiter til å spela andre gode</li> <li>• Visa forståing for Fair play-omgrepet</li> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i innebandy</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggja og gjennomføra overnattingstur</li> </ul>
<b>Design og redesign</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeida med fordjupningsoppgåve</li> <li>• Skriva prosessnotat til fordjupningsoppgåva</li> </ul>
<b>Trafikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reflektera over og visa korleis trafikksikkerheitsutstyr kan redusera ulykker og skader</li> <li>• Drøfta faktorar som har betydning for mobilitet, folkehelse og miljø</li> <li>• Reflektera over og vise kva det inneber å opptre trygt og ansvarsfullt i trafikken og diskutera etiske dilemma i trafikken</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klassemiljø</li> <li>• Korleis skal me oppføra oss mot kvarandre</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Refleks

Alle elevar i Time kommune har fått utdelt ein refleks i samband med refleksdagen. Det er ganske mørkt om morgonen no, så me oppmodar alle om å bruka refleks. Sjekk også at dokke har lys og refleks på sykkelen.

### Elev- og utviklinssamtalane

Lærarane er i gang med å gjennomføra elevsamtalane. Etter dette vil det vera utviklingsamtalar.

### Sterk og Klar

Me har sendt ut invitasjon til foreldremøte med Sterk og klar onsdag 20.november kl. 18.00-19.30 i Visma-appen. Det er fint om alle som vil delta melder seg på.

## Hærverk

Vi opplever endel hærverk på trinnet. Det er søling med vaten på golvet på do og utanfor, ødeleggjing av kateter, fjernkontroller og mykje rot. Dette er det mange elevar som er med på, og me vil ha fokus på dette. Fint om dette kan snakkas om heime, og at ein snakkar om at dette ikkje er akseptabel oppførsel. Me vil ha eit godt læringsmiljø på skulen.

Helsing oss på 10.trinn

## PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Spansk	Skriftleg prøve		Veke 43 (22.10)
Matematikk		Skriftleg prøve	Veke 44 Torsdag 4. og 5. time

## HEIMEARBEID VEKE 43

<b>Norsk</b>	Me jobber med frå novelle til film i timane. <b>10A, C og D:</b> Les 3x20 min i boka di. Rapportar sidetal til lærar på torsdag/ fredag.
<b>Engelsk</b>	Du finn heimearbeid på OneNote – home work - week 43.
<b>Matematikk</b>	Gjer oppgåve 1.154, 1.155 og 1.156 i oppgåveboka side 34-36. Løys likningssetta grafisk i geogebra. Ta skjermbilete og legg inn på OneNote.
<b>Samfunnsfag</b>	Les " <a href="#">Befolkningsveksten i verda</a> " på aunivers. Vis korleis ulike hendingar har samanheng og bruk døme. Dersom faglærar har lagt inn hjelp til oppgåva på ON, må du bruke dette. 1. Kvifor har befolkningsveksten i verda auka? 2. Kvifor trur forskarane at veksten vil flate ut?  <b>10A:</b> sjå to nyheitsendingar i løpet av veka. Det kan vere lurt å velje frå NRKTV (Dagsrevyen) eller TV2 nyheiter.

<b>KRLE</b>	Lever den digitale presentasjonen din før fredag.
<b>Naturfag</b>	Få eit overblikk over kapittel 8 og skriv eit kort samandrag av kva me skal lære om i dette kapittelet. Skriv inn på OneNote.
<b>Spansk</b>	Øv til prøven. Målark finner du på Teams og Onenote.
<b>Tysk</b>	Presentasjon tysdag (alle). Førebu deg.
<b>Eng fordj</b>	Gjera ferdig teksten/presentasjonen til timen på torsdag.
<b>Musikk</b>	Arbeid så godt at du merkar at du har god framgang i speling av 12-takters blues på ditt instrument.
<b>Utdanningsval</b>	Sørg for at du får gjort alle oppgåvene/innleveringane på Teams i faget. Skaff deg BankID dersom du ikkje alt har det. Du vil trengja det når du over jul skal søke vgs.

<b>HEIMEARBEID VEKE 44</b>	
<b>Norsk</b>	Me jobber med frå novelle til film i timane. <b>10A, C og D:</b> Les 3x20 min i boka di. Rapportar sidetal til lærar på torsdag/fredag.
<b>Engelsk</b>	Du finn heimearbeid på OneNote - home work – week 44.
<b>Matematikk</b>	Forebered deg til vurdering i matematikk på torsdag. Øvingsoppgåver ligg på OneNote.
<b>Samfunnsfag</b>	<p>Les <a href="http://aunivers.no">Demografi – ei beskriving av befolkninga - Aschehoug univers (aunivers.no)</a>, og svar på spørsmåla under.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sjå på illustrasjonen av det demografiske reknestykket. Korleis ville befolkningsveksten i Noreg vore viss vi ser bort frå innvandring og utvandring?</li> <li>2. Korleis trur du politiske forhold, geografi og historie i eit land kan påverke kor mange som blir fødde og døyr, og kor mange som flyttar inn og ut av landet?</li> <li>3. I perioden 2009–2020 sank det samla talet for fruktbarheit i Noreg frå 1,98 til 1,48. Kva kan vere grunner til at norske kvinner føder færre barn?</li> </ol> <p><b>10A:</b> sjå to nyheitsendingar i løpet av veka. Det kan vere lurt å velje frå NRKTV (Dagsrevyen) eller TV2 nyheiter.</p>
<b>Naturfag</b>	
<b>Spansk</b>	Beskriv biletet du har fått. Skriv i skriveboka, ta bilete og lever på Onenote.
<b>Tysk</b>	Sjå onenote veke 44.
<b>Eng fordj</b>	Gjer oppgåvene om spørjeord som du finn på OneNote – Heimearbeid – veke 44.
<b>Musikk</b>	Arbeid så godt at du merkar at du har god framgang i speling av 12-takters blues på ditt instrument.
<b>Utdanningsval</b>	Sørg for at du får gjort alle oppgåvene/innleveringane på Teams i faget.

	Skaff deg BankID dersom du ikkje alt har det. Du vil trengja det når du over jul skal søke vgs.
<b>Friluftsliv</b>	Overnattingstur måndag til tysdag i veke 44. Møt i klasserommet for nærmare info og utdeling av utstyr.